

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Frode Elias Synnes	Arkiv:	K1-151
Arkivsaksnr:	20/1481 20/27156		

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 - behandling i kommunestyret

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Kommunestyret	16.12.2020	142/20

Formannskapet si innstilling:

A. Årsbudsjett for 2021

1. Sula kommunestyre vedtek budsjett 2021 i samsvar med bevilgningsoversikt drift, bevilgningsoversikt investering og økonomisk oversikt drift (jf kapittel 8 obligatoriske tabeller i rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2021-2024).

Dette gir følgjande netto driftsrammer:

Ansvar 1, Sentraladministrasjonen:

Netto driftsramme kr. 71.006.806 inkludert avsetningar til disposisjon.
Av dette er kr. 4.810.000 overføring til Soknerådet.

Ansvar 2, Oppvekst:

Netto driftsramme kr. 250.709.476.

Ansvar 3, Helse og sosial:

Netto driftsramme kr. 242.884.719.

Ansvar 4, Kultur og folkehelse:

Netto driftsramme kr. 9.815.737.

TEO (Teknisk, eigedom, plan og oppmåling):

Ansvar 5, Tekniske tjenester og eigedom og ansvar 7, Plan, bygg og oppmåling:

Netto driftsramme kr. 30.445.725.

Ansvar 6, VAR

Netto driftsramme kr. -18.765.387 (eksklusiv budsjetttert avsetning til fond).

2. Sula kommunestyre vedtek å ta opp lån til investeringar i 2021 på inntil kr. 201.902.181 (ref. bevilgningsoversikt investering) med maksimal avdragstid etter rekneskapsforskriftene.

Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.

3. Sula kommunestyre vedtek å ta opp vidareutlån i 2021 (startlån frå husbanken) på inntil kr. 5.000.000. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.

4. Den kommunale skattøyren skal vere høgste lovlege sats for alle grupperingar. Formuesskatten skal reknast etter høgste lovlege sats.

5. For år 2021 vert ordførarombodet 100 % årsverk, godtgjersla vert kr. 962.835 jf. [K-sak 096/20 i møte 15.10.20](#) og ny behandling i kommunestyret sitt desembermøte. Varaordførarombodet får 10 % årsverk godtgjersle i samsvar med ordførar si godtgjersle.

6. Møtegodtgjersle til folkevalde vert i samsvar med vedtak i [K-sak 096/20 i møte 15.10.20](#) og ny behandling i kommunestyret sitt desembermøte.

7. Rådmannen får fullmakt til å fordele pensjonspremie og sentralt avsette lønnsmidlar.

8. Kommunestyret godkjenner ei trekkramme på konsernkontoen på kr. 50.000.000.

9. Sula kommunestyre vedtek at det beløpet som er til langsiktig forvaltning ved årsskiftet skal stå uendra.

10. Eigedomsskatt:

- Sula kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 2. For 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 g: "Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke nærings eigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum" (uendra frå 2020).
- Eigedomsskattetaksten i 2021 blir satt til 2 promille.
- Sula kommunestyre vedtek å bruke bustadverdi (formuesgrunnlag) frå Skatteetaten som grunnlag for berekning av eigedomsskatt (jf eigedomsskattelova § 8 C-1). Eigedomar utan bustadverdi frå Skatteetaten må takserast.
- Eigedomsskatten skal betalast i minimum to terminar i 2021.
- Sula kommunestyre vedtek at det skal gis botnfrådrag på kr. 500.000 for bustadar og fritidsbustadar i 2021.
- Fritak:
 1. Sula kommunestyre vedtek å frita eigedomane i vedlagte oversikt frå eigedomsskatt i 2021. Dette er eigedomar som blir fritatt etter eskl. § 7a («Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten») og etter eskl. § 7b («Bygning som har historisk verdi»).
 2. Det skal gis fritak for eigedomar iht. eigedomsskattelova § 7c for nye bustader. Fritaket

skal gjelde i eit år etter at bustaden er ferdig. Fritak i 2021 gjeld for nye bustader som var ferdig i 2020. Kommunestyret delegerer vedtak i einskildsaker om fritak etter § 7c til formannskapet.

B. Økonomiplan for 2021 - 2024

1. Sula kommunestyre vedtek økonomiplan for 2021-2024 i samsvar med bevilgningsoversikt drift, bevilgningsoversikt investering og økonomisk oversikt drift (jf kapittel 8 obligatoriske tabeller i rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2021-2024).

2. Finansielle måltall:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

3. Eigedomsskatt: For 2022 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 a): «Faste eigedomar i heile kommunen».

Tittel	Dok.ID
Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024. Rådmannen sitt forslag	495565
Vedleggshäfte 1 - 2021. Til budsjett og økonomiplan 2021 - 2024	495566
Eigedomer fritatt for eigedomsskatt for 2021 etter eskl paragrafane 7a og 7b	495692
Sula sokn. Økonomiplan 2021 - 2024	495583
Sula sokn - forslag til driftsbudsjett 2021 _matrise	497865
Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 - uttale frå Akademikerforbundet i Sula	496230
Kommentar til budsjett frå NSF	496744
Budsjett 2021- merknadar og innspel. Delta	498266
Budsjett 2021 – merknadar og innspel. Utdanningsforbundet v/ hovudtillitsvald	498269
Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 - behandling i formannskapet	495517
Bekymringsmelding - psykiatritenesta 05.11.20	493596
Budsjett 2021- merknadar og innspel. Utdanningsforbundet v/ lokallagsleiar.	498733

16.12.2020 Kommunestyret

Fellesforslag utarbeidd i møte:

INVESTERINGSTILTAK

Denne grupperinga meiner at Sula kommune må bruke begrensa midlar til investeringar i 2020 på ein annan måte enn rådmannen har foreslått. Grupperinga ønsker at kommuna sine investeringar skal gi ein meirverdi for både innbyggjarar og kommuneøkonomi på sikt.

- 1. Olamyra regulering** – Dette er eit område som er kommunalt eigd sidan 1986-87. Grupperinga meiner at det er eit stort potensial for å regulere og utvikle området til

varierte bustadbygging mm. Regulert veg frå dette området kan takast i bruk av private, som vil få mulgheit til å få utvikle sine egne tomter om dei ønsker det. Slik det er i dag får ingen bygge i dette området fordi det ikkje er godkjent avkøyring. Potensialet er stort, både for kommuna og private i eit samarbeid.

2. **Solevågen sør regulering** – Dette er eit område som ikkje er eigd av kommuna. Denne grupperinga meiner at dei vel 40+ husstandane som i dag ikkje er tilknytt kommunalt veg og VAR - ledningsnett skal bli det. Fleire har søkt om dispensasjon dei siste åra og fått avslag fordi området ikkje er regulert. Potensialet er stort, både for kommuna og private i eit samarbeid.
3. **Holsneset/Veddevika regulering** – videreføring av eit investeringstiltak som og låg inne for 2021 – som rådmann
4. **Langevåg gang/sykkelveg regulering** – videreføring av eit investeringstiltak som låg inne for 2021 – som rådmann
5. **Langevåg-Remane fortau regulering** – nytt tiltak i 2021 – som rådmann
6. **Langevåg – Sentrumsutvikling – nytt tiltak i 2021.** Det er med undring at ein ser at dette tiltaket som låg inne i 2020 er tatt bort for 2021. Denne grupperinga viser til følgjande rapportar frå 2019:
 - **Føresegner områdeplan**
 - **Medverknad Levande Langevåg**
 - **Områdeplan Langevåg okt 2019**
 - **Planomtale områdeplan**
 - **Parkeringsanalyse Langevåg**
 - **Kulturhusutgreiing Langevåg**
 - **Utviklingsplan Langevåg**

Framdrifta i saka har vore for dårleg. Her er det nok å ta tak i og då er meiner denne grupperinga at dette skal løftast fram på nytt. Dette investeringstiltaket må inn igjen på bekostning avsette midlar til Molværsvatnet som då blir tatt vekk.

INVESTERINGSTILTAK 2021		
Olamyra regulering	250 000	
Solevågen sør	200 000	
Holsneset/Veddevika	500 000	
Langevåg Gang/sykkelvei	250 000	
Langevåg-Remane-fortau	250 000	
Langevåg - Sentrumsutvikling	5 000 000	Molværsv.
	6 450 000	

7. **Gjenbruk av kommunale bygg** – Ein ber rådmannen legge fram ei sak der ein får ei

vurdering av om det er mulig å bygge om / gjenbruke kommunale bygg som ikkje er i bruk i dag. Formål vil vere endring til kommunalt boligformål til beste for innbyggjarane. Kan f.eks bygget til gamle Langevåg barnehage brukast til formål som nevnt over ?

8. Beholde økonomiplanen fra 2020 når det gjeld **Sentrumsutvikling i Langevåg sentrum**. Da var det budsjettet hhv 5 - 4,2 og 10 mill til sentrumsutvikling. De ønsker vi inn igjen i økonomiplanen fra 2021.
9. **Prosjekt omsorgsbustader/riving av gamle Langevåg skule** hadde eit budsjett på 3,5 mill i 2020. Har fått til svar av rådmann at det er inngått avtale med leverandør, men at det fysiske arbeid ikkje er starta enda. Budsjettbeløp vil bli forslått rebudsjettet i 2021, skriver rådmannen i svar vi har stilt. Forslag at disse flyttes inn igjen i 2021, da rebudsjetteringssakene ble behandlet i går.

Denne grupperinga er klar over at det blir mange tiltak som det skal arbeidast med i 2021. Viser deg seg at nokre av tiltaka ikkje er realiserbare, ber ein rådmannen kome tilbake til kommunestyret med informasjon om kvifor ein ikkje klarer dette.

FORSLAG TIL VEDTAK ØKONOMIPLAN-DRIFT 2021-2024

- Eigedomsskatten for 2021 skal vere 1 promille i Sula kommune for private eigedommar .
- Eigedomsskatten for 2021 skal vere 1 promille i Sula kommune for næring.

Rådmannen har foreslått 2 promille og 16 mill. Denne grupperinga foreslår 1 promille og 8 mill som eit utgangspunkt samt følgende endringar:

1 promille E-skatt - privat	+ 8 000 000
1 promille E-skatt - næring	- 600 000
Botnfrådraget blir beholdt som i dag	- 1 800 000
Rest mindreforbruk 2019 - drift 2021	- 4 000 000
Overskottsfond	
Styrking av psykiatritjenesten	+ 1 200 000
helse 800 000	
oppvekst 400 000	
Økt skatteinngang	- 900 000
"Friske 2 mill fra teknisk"	- 2 000 000

Forslag SUL - Ap - KrF - SV - FrP:

1 nytt punkt: Stilling økonomi som ligg inne med 300 000 skal 20 % øyremerkast til ARBØT.

Kommunestyret avtalte å stemme først over fellesforslaget som vart utarbeidd i møtet, deretter over formannskapet si innstilling før ein til slutt skulle stemme over begge forslaga.

Fellesforslag utarbeidd i møte vart samrøystes vedtatt.

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Begge forslaga vart deretter samrøystes vedtatt.

Det vart munnleg presisert at kommunedirektør får mynde til å justere det vedtekne forslaget frå formannskapet, slik at det blir i samsvar med det samla budsjettvedtaket.

K-142/20 Vedtak:

A. Årsbudsjett for 2021

1. Sula kommunestyre vedtek budsjett 2021 i samsvar med bevilgningsoversikt drift, bevilgningsoversikt investering og økonomisk oversikt drift (jf kapittel 8 obligatoriske tabeller i rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2021-2024), med følgjande endringar:

Driftsbudsjett

- 1 promille eigedomsskatt 2021 for private eigedommar. Konsekvens: reduserte inntekter på 8.000.000 i høve formannskapet si innstilling.
- Botnfrådraget for private blir beholdt som i dag.
- 1 promille eigedomsskatt får næring for 2021. Konsekvens: auka inntekter på kr 600.000.
- Auka bruk av overskotsfond i 2021 på kr 6.386.000.
- Auka skatteinngang. Konsekvens: auka inntekter på kr 900.000.
- Styrking av psykiatritenesta. Konsekvens: auka kostnader på kr 1.200.000 fordelt med kr 800.000 på helse og kr 400.000 på oppvekst.
- “Friske 2 millionar frå teknisk” (feil i budsjettforslag): konsekvens auka inntekter på kr 2.000.000.
- 20 % av stilling økonomi som ligg inne med kr 300.000, skal bli øyremerka “ARBØT” (arbeidsgruppe for berekraftig økonomi og tenester).
- Olamyra regulering.
- Solevågen sør regulering / kommunedelplan Solevågen.

Investeringsbudsjett

- Prosjekt omsorgsbustader / riving av gamle Langevåg skule. For å ferdigstille riving av denne, vil udisponerte midlar 2020 i heilskap bli rebudsjettet i 2021.
- Prosjekt sentrumsutvikling i Langevåg sentrum blir tatt inn med same beløp som låg inne i økonomiplanen frå 2020-2023.
- Avsatte midlar til sikring Molværsvatnet blir tatt ut frå investeringsbudsjettet.

Ein er klar over at det blir mange tiltak som det skal arbeidast med i 2021. Viser deg seg at nokre av tiltaka ikkje er realiserbare, ber ein kommunedirektøren kome tilbake til kommunestyret med informasjon om kvifor ein ikkje klarer dette.

Tabell som spesifiserer endring frå rådmannen sitt forslag til vedtatt driftsbudsjett:

Budsjett og økonomiplan i 2021 priser	2021
Bruk av overskotsfond i rådmannen sitt budsjettforsalg	1 006 003
Auke i sakteinngang	-900 000
Styrking av psykiatritenesten. Helse	800 000
Styrking av psykiatritenesten. Oppvekst	400 000
Støtte til servicebygg Langevåg IL	200 000
Olamyra regulering	250 000
Solevågen sør regulering	200 000
Gebyrauke PBO	-2 000 000
Endring i renteutgift som følge av endring i investeringsbudsjett	36 000
Sats for eidegdomsskatt blir satt til 1 promille	8 000 000
Eidegdomsskatt på næringseidegdom 1 promille	-600 000
Bruk av overskotsfond i vedtatt budsjett	7 392 003

Tabell som spesifiserer endringar i sektor-rammer frå rådmannen sitt forslag til vedtatt budsjett:

Budsjetttramme	2021
Oppvekst. Ramme i budsjettforslag frå rådmann	250 709 476
Styrking av psykiatritenesten	400 000
Ny ramme	251 109 476

Budsjetttramme	2021
Kultur. Ramme i budsjettforslag frå rådmann	9 815 737
Støtte til servicebygg Langevåg IL	200 000
Ny ramme	10 015 737

Budsjetttramme	2021
Helse og sosial. Ramme i budsjettforslag frå rådmann	242 884 719
Styrking av psykiatritenesten	800 000
Ny ramme	243 684 719

Budsjetttramme	2021
TEO. Ramme i budsjettforslag frå rådmann	30 445 725
Olamyra regulering	250 000
Solevågen sør regulering	200 000
Gebyrauke PBO	-2 000 000
Ny ramme	28 895 725

Dette gir følgjande netto driftsrammer:

Ansvar 1, Sentraladministrasjonen:

Netto driftsramme kr. 71.006.806 inkludert avsetningar til disposisjon.
Av dette er kr. 4.810.000 overføring til Soknerådet.

Ansvar 2, Oppvekst:

Netto driftsramme kr. 251.109.476.

Ansvar 3, Helse og sosial:

Netto driftsramme kr. 243.684.719.

Ansvar 4, Kultur og folkehelse:

Netto driftsramme kr. 10.015.737.

TEO (Teknisk, eigedom, plan og oppmåling):

Ansvar 5, Tekniske tjenester og eigedom og ansvar 7, Plan, bygg og oppmåling:

Netto driftsramme kr. 28.895.725.

Ansvar 6, VAR

Netto driftsramme kr. -18.765.387 (eksklusiv budsjettert avsetning til fond).

Tabell som spesifiserer endring fra rådmannen sitt forslag til vedtatt investeringsbudsjett:

Endring i investeringsbudsjett	2021
Molværsvatnet sikring - rebudsjettering	-3 857 377
Molværsvatnet sikring - tilleggsløyving	-2 500 000
Sentrumsutvikling Langevåg	5 000 000
Prosjekt omsorgsbustadar/riving gamle Langevåg skule - Rebudsjettering	3 500 000
Sum endring	2 142 623

2. Sula kommunestyre vedtek å ta opp lån til investeringar i 2021 på inntil kr. 203.616.279 (ref. bevilgningsoversikt investering) med maksimal avdragstid etter rekneskapsforskriftene. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.

3. Sula kommunestyre vedtek å ta opp vidareutlån i 2021 (startlån frå husbanken) på inntil kr. 5.000.000. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.

4. Den kommunale skattøyren skal vere høgste lovlege sats for alle grupperingar. Formuesskatten skal reknast etter høgste lovlege sats.

5. For år 2021 vert ordførarombodet 100 % årsverk, godtgjersla vert kr. 962.835 jf. [K-sak 096/20 i møte 15.10.20](#) og ny behandling i kommunestyret sitt desembermøte. Varaordførarombodet får 10 % årsverk godtgjersle i samsvar med ordførar si godtgjersle.

6. Møtegodtgjersle til folkevalde vert i samsvar med vedtak i [K-sak 096/20 i møte 15.10.20](#) og ny behandling i kommunestyret sitt desembermøte.

7. Rådmannen får fullmakt til å fordele pensjonspremie og sentralt avsette lønnsmidlar.

8. Kommunestyret godkjenner ei trekkramme på konsernkontoen på kr. 50.000.000.

9. Sula kommunestyre vedtek at det beløpet som er til langsiktig forvaltning ved årsskiftet skal stå uendra.

10. Eigedomsskatt:

- Sula kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 2. For 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 a): «Faste eigedomar i heile kommunen» (private eigedommar og næring).
- Eigedomsskattetaksten i 2021 blir satt til 1 promille.
- Sula kommunestyre vedtek å bruke bustadverdi (formuesgrunnlag) frå Skatteetaten som grunnlag for berekning av eigedomsskatt (jf eigedomsskattelova § 8 C-1). Eigedomar utan bustadverdi frå Skatteetaten må takserast.
- Eigedomsskatten skal betalast i minimum to terminar i 2021.
- Sula kommunestyre vedtek at det skal gis botnfrådrag på kr. 500.000 for bustadar og fritidsbustadar i 2021.
- Fritak:
 1. Sula kommunestyre vedtek å frita eigedomane i vedlagte oversikt frå eigedomsskatt i 2021. Dette er eigedomar som blir fritatt etter eskl. § 7a («Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten») og etter eskl. § 7b («Bygning som har historisk verdi»).
 2. Det skal gis fritak for eigedomar iht. eigedomsskattelova § 7c for nye bustader. Fritaket skal gjelde i eit år etter at bustaden er ferdig. Fritak i 2021 gjeld for nye bustader som var ferdig i 2020. Kommunestyret delegerer vedtak i einskildsaker om fritak etter § 7c til formannskapet.

B. Økonomiplan for 2021 - 2024

1. Sula kommunestyre vedtek økonomiplan for 2021-2024 i samsvar med bevilgningsoversikt drift, bevilgningsoversikt investering og økonomisk oversikt drift (jf kapittel 8 obligatoriske tabeller i rådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2021-2024), men med slik justering som konsekvens av endringar under bokstav A, årsbudsjett:

Driftsbudsjett:

- 1 promille eigedomsskatt for private eigedommar. Konsekvens: reduserte inntekter på 8.000.000 pr år i høve formannskapet si innstilling.
- 1 promille eigedomsskatt for næring. Konsekvens: auka inntekter på kr 600.000 i 2021 i høve formannskapet si innstilling, reduserte inntekter på kr 600.000 pr år i resten av økonomiplanperioden i høve formannskapet si innstilling.
- Botnfrådraget for private blir beholdt som i dag. Ingen konsekvens i 2021. Reduserte inntekter på kr 900.000 pr år i 2022 - 2024 i høve til formannskapet si innstilling.
- Auka bruk av overskotsfond på kr 6.386.000 i 2021. Auka brukt av overskotsfond i økonomiplanperioden på kr 30.539.052.

- Auka skatteinngang. Konsekvens: auka inntekter på kr 900.000.
- Styrking av psykiatritenesta. Konsekvens: auka kostnader på kr 1.200.000 fordelt med kr 800.000 på helse og kr 400.000 på oppvekst.
- “Friske 2 millionar frå teknisk” (feil i budsjettforslag): konsekvens auka inntekter på kr 2.000.000.
- 20 % av stilling økonomi som ligg inne med kr 300.000, skal bli øyremarka “ARBØT” (arbeidsgruppe for berekraftig økonomi og tenester).
- Olamyra regulering.
- Solevågen sør regulering / kommunedelplan Solevågen.

Investeringsbudsjett:

- Prosjekt omsorgsbustader / riving av gamle Langevåg skule. For å ferdigstille riving av denne, vil udisponerte midlar 2020 i heilskap bli rebudsjettert i 2021.
- Prosjektet sentrumsutvikling i Langevåg sentrum blir tatt inn med same beløp som låg inne i økonomiplanen frå 2020 - 2023.
- Avsatte midlar til sikring Molværsvatnet blir tatt ut frå investeringsbudsjettet.

Tabell som spesifiserer endring frå rådmannen sitt forslag til vedtatt driftsbudsjett i økonomiplanperioden:

Budsjett og økonomiplan i 2021 priser	2021	2022	2023	2024	SUM
Bruk av overskotsfond i rådmannen sitt budsjettforslag	1 006 003	4 656	4 661 591	5 076 845	10 749 095
Auke i skatteinngang	-900 000	-900 000	-900 000	-900 000	-3 600 000
Styrking av psykiatritenesten. Helse	800 000	800 000	800 000	800 000	3 200 000
Styrking av psykiatritenesten. Oppvekst	400 000	400 000	400 000	400 000	1 600 000
Støtte til servicebygg Langevåg IL	200 000	0	0	0	200 000
Olamyra regulering	250 000	0	0	0	250 000
Solevågen sør regulering	200 000	0	0	-300 000	-100 000
Gebyrauke PBO	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-8 000 000
Endring i renteutgift som følge av endring i investeringsbud.	36 000	97 200	160 640	167 212	461 052
Endring i avdragsutgift som følge av endring i investeringsbud.	0	120 000	204 000	304 000	628 000
Sats for eigedomsskatt blir satt til 1 promille	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000	32 000 000
Eigedomsskatt på næringseigedom 1 promille	-600 000	600 000	600 000	600 000	1 200 000
Botnfrådrag på 500.000kr i heile økonomiplanperioden	0	900 000	900 000	900 000	2 700 000
Bruk av overskotsfond i vedtatt budsjett	7 392 003	8 021 856	12 826 231	13 048 057	41 288 147

Overskotsfond pr. 31.12.2019	71 532 959
K-42/20: Disp. av mindreforbruk ført til overskotsfond	19 000 000
Budsjettert brukt i 2020	-13 657 186
Anslått meirforbruk i 2020	-1 300 000
Fond pr. 31.12.2020	75 575 773
Bruk av fond i økonomiplanperioden	41 288 147
Overskotsfond pr 31.12.2024	34 287 626

Tabell som spesifiserer endring frå rådmannen sitt forslag til vedtatt investeringsbudsjett i økonomiplanperioden:

Endring i investeringsbudsjett	2021	2022	2023	2024
Molværsvatnet sikring - rebudsjettering	-3 857 377			
Molværsvatnet sikring - tilleggsøyving	-2 500 000			
Sentrumsutvikling Langevåg	5 000 000	4 200 000	5 000 000	-5 000 000
Prosjekt omsorgsbustadar/riving gamle Langevåg skule - Rebudsjettering	3 500 000			
Sum endring	2 142 623	4 200 000	5 000 000	-5 000 000

2. Finansielle måltall:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035.

Kommunedirektør får mynde til å justere det vedtekne forslaget frå formannskapet, slik at det blir i samsvar med det samla budsjettvedtaket.

Bakgrunn for saka:

Viser til formannskapet si sak i møte 01.12. som ligg ved.

Saksopplysningar:

Arbeidsmiljøutvalet behandla budsjettet i sak 002/20 den 26.11. Administrasjons-utvalet behandla budsjettet i sak 002/20 den 01.12. Uttalane frå begge utvala kjem fram i formannskapet si sak i møte 01.12., sjå vedlegg.

Fagutvala behandlar budsjettet i eigne saker. Utvala har kome med slike uttalar:

Fagutvalet for oppvekst, 24.11., jf. OP-sak 045/20

Fagutvalet for oppvekst i Sula kommune har følgjande kommentar til budsjettframlegget 2021:

Fagutvalet for oppvekst tek rådmannen sitt budsjettforslag til vitande.

Fagutvalet for kultur og folkehelse, 25.11., jf. KUF-sak 063/20

Fagutvalet for kultur og folkehelse vedtar følgande uttale til budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024:

Fagutvalet har to tiltak som vi ønskjer å få med i budsjettet for 2021 og økonomiplan for 2021-2024:

- Kulturkarusell for 3.klassingar har vore fremma som tiltak sidan 2017 og er i dag eit vellykka tilbod ved Langevåg skule. Vi meiner at tilbodet også skal gjelde for alle 3.klassingar i kommuna. Mange av elevane som får dette tilbodet i dag, blir framtidige kulturskuleelevar og borna får ein profesjonell opplæring innan musikk og kultur.
- Meirope bibliotek er eit tilbod som famnar folk i alle aldrar og alle delar av samfunnet vårt.

Monge bibliotek har allereie innført tilbodet om meirope bibliotek og vi meiner at det er på tide at Sula også innfører det.

Fagutvalet for teknisk område, 25.11., jf. TEO-sak 063/20

Fagutval for teknisk område tek forslag til budsjett for 2021 og økonomiplan for 2022 – 2024 til vitande og har følgande innspel til handsaming i formannskap og kommunestyre:

1. Innsparing i andre sektorar som t.d. Helse-og Sosial (reduksjon frå 10 til 8 demensplassar) fører til reduserte inntekter til TEO, samstundes som utgiftene i TEO er dei same.
2. TEO manglar personell med tilsynsfunksjon. Dette kan bli utfordrande i ei tid med store og mindre investeringsprosjekt som skal følgast opp. Tilsaman 10 større og mindre prosjekt er planlagt for 2021.
3. Sjølvkostkalkyle er sett opp for plan/bygg for 2021. Trass i justering av gebyr, har ein enno ikkje sjølvkostfinansiering, ref saksunderlaget.
TEO-utvalet ber rådmannen synleggjere kva skal til for å nå målet om sjølvkostfinansiering.
4. TEO-utvalet er uroa over auka i gebyrregulativet for 2021 og i økonomiplan-perioden. Auka er truleg høgare enn lønns- og prisvekst dei neste åra.
5. Rammeløyve for vatn og avlaup er 5 + 11 mill i 2021. TEO-utvalet ber om at arbeidet med å tette/utbetre ledningsnettet vert prioritert.
6. Det er planlagt utbetring av Molværsvatnet og diverse bruer i 2021. TEO ber om sak(er) til politisk handsaming i utvalet vedr Molværsvatnet og diverse bruer som grunnlag for vidare prioritering av kva skal gjerast først.

Fagutvalet for helse og sosial, 26.11., jf. HS-sak 043/20

Fagutvalet for helse- og sosial i Sula kommune er glad for at det ikkje er direkte kutt i rammene til sektoren og at det er foreslått ein pott på 4,2 million til å møte dei mest akutte behova.

Fagutvalet vil likevel peike på følgande:

- Sektoren er sterkt underfinansiert med mange tiltak som mangler finansiering, jf tidlegare budsjettkontrollar.
- Potten på 4,2 million vil bidra til å skape rom for naudsynt omstilling, først og fremst gjennom betre bustadstruktur, jf Jetmundgarden som snart startar opp.
- Omstilling og vidare styrking av sektoren er heilt naudsynt for å møte veksten i utgiftsbehov komande tiår.

Fagutvalet vil arbeide hardt for å halde kostnadsveksten under kontroll.

På generell basis vil helse- og sosialutvalget uttrykke bekymring på den generelle økning i snittalderen og sykdomsbildet på klientene, vi trenger egentlig fleire plassar for heildøgns omsorg. Klientene er sykere og eldre og trenger mer kvalifisert hjelp enn det vi er rigget for.

Eldrerådet 07.12., jf HS-sak 043/20

Eldrerådet i Sula sluttar seg til Fagutvalet for helse og sosial sin uttale i saka.

Eldrerådet ber også om følgjande:

Eldrerådet ber rådmannen om å lage ein eldreplan for Sula 2021-2029.

Planen skal innehalde: Reguleringsplanar som er eldrevennlege, livsløpstilpassa for å la

innbyggjarane sjølv kunne velgje gode bustadar for framtida.

Reguleringsplanar som opnar for å dispensere for krav til feks parkering, leikeareal mm dersom dei er tilpassa seniorboligar/ livsløpsboligar.

Sette av arealer i kommuneplanen som er gode møteplassar, til dømes i sentrumsplanen.

Gi tilskot til aktivitetstilskot som aktiviserar eldre til dømes møteplassar, leige av lokaler, turstiar mm.

Formannskapet sitt budsjettforslag, jf vedtak i F-sak 142/20, har vore ute til offentlig ettersyn i perioden 3. – 16. desember (14 dagar), ref krav i [§ 14-3](#) i kommunelova.

Merknader og innspel som har kome innnn frå organisasjonane ligg ved. Ev fleire merknadar og innspel vil bli ettersendt, alternativt utlevert i møtet om dei kjem inn seint.